Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Møre

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Drikke til maten til kvardags

Bygdelag: Ulvestad

Oppskr. av: Ragnhild Ulvestad

Gard: Ulvestad

(adresse): Fossveien 5 III Oslo.

G.nr. 160 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Drikke til maten til kvardags.

Mjølk

1. I den fyrste tida fyre mi tid, då var her ikkje meieri i bygda. Mjølka vart set i ringar i selet på sætra for deretter å køyre den heim når det var kinna eller ysta. Det vart snakka i mi tid um når alle skyrtunnene vart køyrde. Heile mi tid leverte me mjølka på meieriet. Tok i på til kaffien. Eller sundagsmjølka vart både til fløyte og smør. og kanskje ei rjomeringe. All separerte mjølka fekk me tilbake, so det vart nok, både til folk og krøter. Til folket vart mjølka koket og den vart brukt til drikke til maten. Um sumaren drakk me mykje surmjølk, og mjølk vart mykje brukt.

2 Ein drakk surmjølk til leskedrikk utan at ein åt til.

3 Det var saup eller blende og skyr. Nei no til dei mjølka, so eg kann tenke meg, at det er heilt

6348

slutt med det.
4. Øl. All slags øldrikking var fyre mi tid.

Kaffi.

5. Eg fekk ikkje lov å drikke kaffi fyrr eg var 15 år, den var skadeleg, sa dei. Alminnelig kaffi var berre til høgtider. Eg huggsar slægtningane mine var på besøk. Tanta mi skulde male kaffi i den store marteren, som bestefar hadde dreia. Når ho mol den vilde det fare utyver golvet. Ho var snar å plukke opp alle bogne. (Men denne tanta mi var den som hadde likaste damaskvev i nordens 5 land for eit år sidan) Denne kaffien mota seg fram litt etter lit. I Jansgam hadde fått raud rund kaffidåse med gule bokstavar, me og hadde. Mor brukte å brenne korn, fordi sa det var summare, å so var det ei tilsetning som heitte kaffirot.
6. Kaffien vart kvardags-drykk litt etter lit. Ei kone på Ulvestad (ho var enndå mor til han som skreiv den store boka „Norge i Amerika" Ho skulde koke kaffi til utskipningsmennene. Tok ei gryte og vare og rørte og dryssa på, for ho visste ikkje betre.
7 No vert det drukke kaffi, både 2 og tre gonger.
8 Um sundagsmorgonen var det koselegt når den blanke koparkjel stod på kokepunktet ferdig til å

6348

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

drysse i kaffien, som var grana so fin som muligt i morteren. Stod den ei stund på omen eller komfyren, so var den ferdig. Upp i garane, som me sa, der var ei kone, som alltid brukte klareskin av fisk og so var det den kaffirota. Kaffien måtte vere klar, men det vart han når ein slo av lit kaffi av kjelen i ein kopp og slo den på kjelen, ei tvo til tri gonde.
Det var helst ungdomane som dreiv med det for morro. Etter sett ar fekk ein høyre mykje nytt. Det var då helst um forlovelse å kor dei såg ut og meir slikt. I koppen såg ein grugen kunne danne seg til ymse slags bilete. Til dømes ein hund kunne byte de trufastheit av sin kjærast. Det vart og gjort utan reglarne når leiken var på det likaste. Mange gonge sa dei, at det var spått rett.
9 Sukker til kaffien vart brukt berre til høgtider. Rafinade vart brukt til kaffien. Brunsukker vart brukt som snopp, som me sa eller til sylting av bær ilag med anna syltesukker. Onkelen vår på Ulvestad brukte sukker-saks for å dryge sukkeret.
10 Til kvardags tok ein det ikkje alltid so nøye med kaffien. Var ein leid kaffien, slog ein i halvparten mjølk, eller ein kunne ofte ha god fløyte i kaffien og oftest um

6348

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sundagane. Ikkje affien vart ikkje brukt egg.

Te.

11. I grunnen var te lite brukt. Det var helst for sjukdamar ein brukte den. Det var hylleblad, kjerringrokkte og bråaknebladte. Det var også brukt kinate viss nokon ville ha.

Brennevin.

12. Det vart aldri drikke brennevin i vår bygd i mi tid. Losjen vart skipa i slutten av 1800 og alle ungdomane var godtemplarar og dei eldre avhaldsfolk.

Nyare drykk.

13 Det vert også brukt lite vørterøl og brus. Det kan vere um sumarane når ein gjeng til fjells eller ein har eit stemne eller ~~eller~~ slike.

6348

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING